

## Jevne (gnr. 6)

Jevne: Namn som tydeleg viser tilbake til j a f n a, slette. Skrivemåten av namnet har vore skiftande, men som regel slik at det var lett kjenneleg

Det er i Akershus lensrekneskap for 1628-29 vi allerførst finn garden Jevne i Fåberg omhandla. Ein mann ved namn Holdte Gundersønn hadde da "Aff enn Rydnings Pladtz kalditt Jemne giffuet udi Landschyld 3 Kalffschind, Och schall hereffter Aarligen Indtill dett ydermeere forbedris Kannnd" svara det same. I Manntalet for Kopskatten 1645 går det vidare fram at "Hollter Jeffne" var gift. Han betalde da den utlikna ekstraskatten for kona si og seg sjølv med 1 mark i pengar.

Men i 1657 hadde det vore brukarskifte, og den nye husbonden er kalla "Børge Jeffne". Garden vart da ført i gruppa for "Ødegaarde", men buskapen der var da: 2 hopper, 9 naug, 6 geiter og 8 sauer, så her er det ikkje tale om nokon rydningsplass lenger. I Mandkjøndsmandtallet 1665 er det dessutan fortalt at brukaren Børge Holteson var 46 år, og at han hadde ein tenestkar, truleg bror, som heitte Peder Holteson og da var 36 år og "afftagit Dragon".

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om "Jeffne" fortalt at eigar av garden var framleis "Kongen alene", og at Børge framleis bygsjar og brukar der. Men landskylda var da høgda til ei ½ hud eller 6 skinn, og den kunne og svarast til 1 ½ bismarpund 4 merker smør. Buskapen av store husdyr er da oppgitt til 2 hestar og 10 naut, og korntianda vart uttreidd med 2 tønner, som altså svara til ei årsavling på 20 tønner. Vidare er det om Jevne oppgitt at "Engen er goed och Kand forbedris, Schoug till gaards Nøtte, Sommerbeed I Stillen og Setter." – Av år 1670 går det elles fram at Jevne og Mo saman med Hove-gardar og Fagstad utgjorde 10.legd av kaptein Georg Reicvweins Compagnie.

I år 1693 var det sonen Halvor Bergersen (Børgesen) som hadde tatt over som brukar av Jevne. Elles var det da og ein husmannsson, Jon Svendsen, 30 år, som var rulleført som soldat for Jevne, da i legd 1. Frå 3 år seinare er ei sak som her er av stor interesse, og som etter utskrift av tingboka er referert slik:

"Bolling 25. juni 1696,

Nils Jacobsen Smidtz skjøte av 18. febr, 1696 hvorved han tilforhandler sig av Godthardt Brane og Jans Leigamd deres odels gårder og gods i Fåberg, nemlig Jevneberg skyld 6 skind, Houger skyld med bøkssel 4 skind, ødegården Høstmælingen under Langset uten bøkssel 1 ½ skins, Flugstad skyldende med bøkssel 3 skind, Galtrud (Amund) skyldende med bøkssel 6 skind"

Når det gjeld Jevne var iallfall landskylda 6 skinn rett oppgitt.

Av tjuge år seinare er ei anna sak som etter utskrift av tingboka har denne ordlyden:

"Jevne i Fåberg..

16. febr. 1719.

Oluf Halvorsen Hjevne av Fåberg blev frembåret for retten og beklaget sig over at da han i fjor var soldat og holdt vakt ved Svinesund blev hans ben så beskadiget av frost at hans fotblad var avfaldt ved ankelen. Han kan derfor ikke hjelpe sig selv men må ligge i sengen,

og det ringe han eiet gikk med da han var ute i Kongens tjeneste, så han ikke nu vet det ringeste tilhjelp og levende middel. Dette blev stadfestet av almuen, hvorpå han begjærte tingsvidne.”

Fleire nyare opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget av 1723. Der er det om ”Jevne” oppgitt at garden ligg i sollia, at den er ”temmelig” lettbrukt og at jordarten der er god, dog ”noget tørlent”. Buskapen på garden var da 2 hestar, 11 naut, 6 sauer og 5 geiter, og utsæden av korn utgjorde da 3 tønner bygg og litt rug. Eigar og brukar av Jevne var i 1723 framleis Halvor Bergersen, og landskylda av garden var framleis 6 skinn. Det er vidare fortalt at garden hadde skog til brenneved og gjerdefang, samt huggtømmer, at setera hadde berre ”maadelig hamn, men at det var ”Slotter på 3 læss høe”.

Ni år seinare fekk i 1732 Ole Halvorsen den yngre søsken- skjøte på farsgarden Jevne, framles av skyld 6 skind.

Ole Halvorsen d.y. f. 1704, som dermed tok over som eigar og brukar av Jevne, gifta seg i 1732 med Sessel Eriksdtr. Øverjørstad, og dei fekk 4 born. Dei var: 1. Kari, døypt 1733, 2. Ane, døypt 1735, 3. Halvor (Erik) f. 1737 4. Beret (Marit) f. 1741.

Men i 1744 var husfrua Sessel Eriksdtr. død, og det var skifte på ”Jevne i Faaberg”. Ved dette skiftet vart jordegodset Jevne av skyld 6 skinn taksert for 100 rd., og arvebuet utgjorde brutto 236 rd. og netto 133 rd. Arvingane ved skiftet var foruten enkemannen Ole Halvorsen dei 4 nyss nemnde borna, som framleis alle var i live. – Husbonden Ole Halvorsen gifta seg så i 1744 med Anne Christensdtr. Ulland, men dei fekk i sitt samliv ingen born.

Av 14. febr. 1848 er ei sak om ”Fløyten u. Rindal i Faaberg”, og Ole Poulsen Hof gav da skjøte til Ole Jevne på ”engelandet Fløyten for 15 ½ rd.” (Tilføielse i vedlegg SL)

Tolv år seinare skjøta i 1760 faren Ole Halvorsen ættegarden Jevne over til sonen Halvor (Erik) Olsen Jevne for kjøpesum 240 rd. + føderåd til faren og stemora Anne Christensdtr.

Halvor Olsen f. 1737, som dermed tok over som husbond på Jevne, gifta seg i 1762 med Marit Ingebretsdtr., og dei fekk i sitt ekteskap 11 born. Det var 1. Ole f. 1763, død 1784, 2. Engebret f. 1765, sinnssjuk, 3. Sidsel f. 1768, gift 1790 m. Lars Amundsen Sveen, 4. Erik f. 1770, 5. Peder f. 1774, 6. Christen f. 1777, 7. Poul f. 1779, død 1804, 8. Berte f. 1782, død s.å. 9. Anne f. 1782 død s.å. 10 Berte f. 1783, 11. Anne f. 1786.

Om slagsmål mellom bønder handlar ei sak fra denne tid. Saka er elles etter utskrift av tingboka framstilt slik:

”Faaberg 18. juni 1784.

Halvor Jevne har innstevnt Ole Christensen Randgaard for overfall på grd. Lillehammer den 7. mars d.å.

Vidnerne forklarte at de engang i mars måned da de kom inn på gjestgivergården Lillehammer saa at Ole Christensen under et slags mundkjegleri gav Halvor Jevne adskillige slag i ansiktet, saa at han blev blodig og blå ved øinene. Efter Halvor Jevnes begjæring blev tingsvidnet hermed sluttet.”

Av 17. febr. 1794 er ein kontrakt mellom De norske Glassverker og hyttemester Frants Landgraf om "Jevne Glasshyttes forpaktning" med vedhefta spesifikasjon over behandlingen av materialer m.m. Kontrakten vil ble nærare omtala under Jevne Glasverk.

Året etter, altså i 1795, var husbonden Halvor Olsen Jevne f. 1737 død, og det var atter arveskifte på "Jevne i Lillehammer, Faaberg". Ved dette skiftet vart jordegodset Jevne yaksert for 600 rd., og arvebuet utgjorde brutto 3881 rd. og netto 3707? rd. Arvingane ved skiftet var foruten enka Marit Engebretsdtr. dei 8 av borna som da framleis var i live. Det er opplyst at dottera Sidsel da var gift med Lars Amundsen Sveen. Av interesse er og at ved dette skiftet var arvelotten til kvar av sønene 673 rd, og til kvar av døtrene etter lova det halve. Med den pengeverdi som det var i den tid, var ein arvelott på 673 rd. ein stor arv.

Ei sak som gjeld sonen Ole Halvorsen Jevne, var fore ved tinget i Fåberg den 15. febr. 1800 og er etter utskrift av tingboka bokført slik:

"Jevne i Fåberg

Fåberg 15. febr. 1800.

Fogden har efter amtets ordre stevnet til tingsvidne for å få opplyst omstendigheter ved Christian Fengels død, samt ang. de forseelser som er begått ved brennevinnsskjenkning i et bryllup på Jevne avvikte sommer.

Innstevnte Erich Jevne var tilstede.

Vidnerne henholdt sig til sine forklaringer ved det opptagne preliminær forhør av 6. novb. De forklarte ellers at Fengel hadde været beruset, men ikke syk. Han hadde oppført sig ustyrlig og støyende. Et vidne hadde sett at 2. vidne Ole Halvorsen var alene inne hos Fengel, da han var opp på loftet og lå på en flatseng. Avdødes enke Berte Knudsdtr. viste ikke flere vidner til opplysning, men hadde mistenkt 2. vidne Ole Halvorsen for å ha bidraget til hennes manns død, da han ble tilbake på loftet hos ham. Tingvidnet sluttet."

Den Christian Fengel det her gjeld, var truleg ein av dei mange med framant namn som i den tid arbeidde på Glasverket.

I år 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 2 familiar på og/eller ved Jevne. Dei var:

1. familie: 1. Erich Halvorsen, husbonden, "National Soldat", 31 år, 2. Berit Olsdtr., kona hans, 26 år, 3. Berte Erichsdtr., dotter deira, 1 år, 3. Thor Olsen, tenestkar, 34 år, 4. Peder Halvorsen, tenestkar, 27 år, 5. Ragnhild Poulsdtr., tenestkvinne, 21 år, 6. Anne Valentinsdtr., tenestkvinne, 17 år, 7 Martha Amundsdtr., tenestkvinne, 12 år, 8. Marit Engebretsdtr., føderåds kone, 58 år, 9 Christian Halvorsen, tømmerhandler, 24 år, 10 Engebret Halvorsen, "Vanvittig", har føderåd, 11. Poul Halvorsen, "Post-Karl", 22 år.

2. familie: 1. Peder Johansen, husmann med jord, 36 år, 2 <maren Christensdtr., kona hans, 30 år, 3. Johanne Pedersdtr., dotter deira, 6 år, 4. Anne, dotter deira, 3 år, 5. Guri, dotter deira, 1 år, 6. Knut Olsen "Inderst og i Dagleie," 34 år."

Same året, altså i 1801, gav eigaren og brukaren Erich Jevne skjøte til broren tømmerhandlaren Christian Halvorsen på slekts garden Jevne for kjøpesum 1873 rd. Av same året er og ei rettssak mellom Gudbrand Onsum som fullmektig for Tord Tofte på Fron kontra Christen Halvorsen Jevne. Kva saka galdt går fram av domen i saka, som etter utskrift er sålydende:

Dom inf. i dompr. 2 fol.154 b.:

Arrest og relaxsationsforretning utført 16. septb. 1800 i Christen Jevnes sagtømmer underkjennes som uhjemleg rekvirert og følgelig ulovlig/utført. Det arrestered, kontracitantanten Christen Jevne, fratagne tømmer og bomsegls værdi samt tap ved tømmerbommens sønderhuggelse, det i Mjøsen adspredte tømmer og forsinkelse i å bringe tømmeret til Minde, betaler Gulbrand Onsum til Christen Jevne efter takst av uvillige menn. Dog godtgjøres Gulbrand Onsum for de 110 rd. Han under sakens session den 17. juni betalte til Christen Jevne + rente fra arrestens dato. I prosessomk. betaler Gulbrand Onsum til Christen Jevne 50 rd. Gulbrand Onsum forbeholdes rett og tiltale mot Tord og Ole Tofte for skade og uleilighet av mangel på æsket fullmagt, om han sig dertil trøster. Hva der av det idømte ikke måtte være å erholde hos Gulbrand Onsum, tilpliktes fogden assessor Spørk å tilsvare. Ang. kontracitantens øvrige påstand mot ass. Spørk ang. høiere beregning enn sportelreglementet hjemler, ansees inkompetent til å påtale.”

Same tømmerhandlar Christen Jevne hadde to år seinare mot den kjendte Halvor Hoel på Næs, Hedemarken. Domen i saka har elles denne ordlyden:

”Jevne i Fåberg.

22.mars 1804.

Halvor Hoel fra Næs, Hedemarken, kontra Christen Jevne .

Dom: Citanten har ved tingsvid av 3. jan. 1803 godtgjort at Christen Jevne en dag i slåtonntider kom til Hoelstranden med sine folk, og blant annet tømmer tok to tømmerstokker som bar merket med med Halvor Hoels skovmerke H. H. og lot dem føre til sin flytende tømmerbom. Christen Jevne har ved kontrastevning bevist at han ikke var tilstede ovennevnte tid og ikke har bedt sine folk ta annet tømmer enn det som hørte ham til. Hans ene vidne har opplyst at Halvor Hoel hadde fortalt at han hadde praktisert 2 stokker inn i Christen Jevnes bom. Kjennes for rett: Når Christen Jevne avlegger sin korporlige ed på at han verken selv eller ved sine folk har ført de påstevnte stokker inn i sin tømmerbom, bør han for citantens tiltale i denne sak fri at være og de under saken nedlagte beskyldninger mot ham være mortificered. Men i tilfelle han ikke trøster sig til å avlegge ed, tilpliktes Christen Jevne å betale de borttagne tømmerstokker med 3 ort + 63 rd. 2.20 i saksomk. Hvis Christen Jevne avlegger ed oppheves saksomkostningene.”

Tømmerfløytinga langs Mjøsa i den tid var altså ikkje berre eit slit; det var og ein stor resiko, - på fleire måtar.

Christen Halvorsen Jevne f. 1777, som altså var ein sers aktiv mann, var gift med Agnethe Hansdtr., og dei hadde i sitt ekteskap 9 born. Dei var: 1. Halvor f. 1803, 2. Hans f. 1806, 3. Pernille f. 1808, g. 1834 med Ole Lien og i 2. ekteskap m. Ole Kolberg, 4. Nikoline f. 1811 g. 1834 m. Hans E. Feiring, 5. Christian f. 1814, 6. Ole Andreas f. 1817, 7. Ingeborg f. 1820 g. 1845 m. Amund Kr. Traaset, 8. Otto f. 1822, 9 Mina Maria (Mari) f. 1826.

Litt om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om Jevne oppgitt at buskapen av store husdyr da var 3 hestar og 13 naut, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 40 tønner. Dessuten er det opplyst at Jevne hadde tømmer til salg. Men i denne tid er det og fortalt at/ Christen Jevne kunne vera i beit for pengar og

m.a. lånte 300 spd. Av Slotsfoged Lyng og 300 spd. Av Ole Lien og Knut Svendsen alt mot pant i Jevne.

Men i 1838 var den aktive husbonden Christen Halvorsen f. 1777 død, og det var stort arveskifte på "Jevne i Lillehammer, Faaberg". Ved dette skiftet vart jordegodset i buet, som da var 3 gardar, taksert slik: grd. Jevne for 900 spd., grd. Hattestad for 500 spd. Og grd. Ekreengen for 300 spd. Arvebuet i det heile utgjorde brutto 3102 spd. Og netto 1805 spd., og arvingane var forutan enka Agnethe Hansdtr. dei før nemnde 9 borna, som framleis alle var i live.

Ved matrikuleringa i 1839 var den gamle landskyld i huder og skinn skifta ut i ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Jevne fekk da som si nye matrikkelskyld: 5 skylddalar 15 skilling, og det var da sonen Halvor Christensen som hadde tatt over og var husbond på Jevne.

Enka Agnete Hansdtr. gifta seg elles snart etter oppatt med Johannes Thommesen Diget som i 1844 fekk skjøte av Halvor Christensen på grd. Jevne. Kjøparen Johannes Thommesen handla elles fleire gonger med garden, men selde så tilslutt Jevne til Kr. Fliflet, som i 1855 skjøta grd. Jevne over til C.M. Øvergaard for kjøpesum 3500 spd. I samband med handelen er det vidare opplyst at Chr. M. Øvergaard lånte 1500 spd. I Norges Hypotekbank og 1000 spd. i Lillehammer Sparebank, alt mot pant i Jevne.

I 1858 er husmannsplassar under Jevne omhandla. Chr. M. Øvergaard gav da husmannskontrakt til Ole Christensen og kona på ein plass under garden kalla Enga, Jevn(e)enga. Samtidig fekk og Johan Olsen husmannskontrakt på eit stykke jord under Jevne til "Brug og Bebyggelse".

I samband med folke- og jordbrukstellinga av 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om Jevne vidare oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 264 mål, og av dette var 95 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det og opplyst at husdyrhaldet på Jevne m.m. i denne tid var 6 hestar. 37 storfe og 37 småkrøter og at den årlege utsæd av korn var kring 19 tønner og av settepoteter kring 27 tønner. Chr. Øvergaard var i det heile ein drivande brukar. Han dreiv og sag i Rinna og la an mølle. Ei tid hadde han og ysteri på Jevne. Men han kunne og ha vanskeleg for pengar. I 1866 var det såleis utpanting på Jevne både til jordskatt og fatigskatt.

Åtte år seinare gav så i 1874 Christoffer Øvergaard skjøte til Chr. Hilstad og sakfører Hoff på gardane Lekshus og Jevne for kjøpesum tilsm. 14 500,- spd., men i det var medrekna 500 spd. for lausøyre. Same året var det så skyldsetting, og skogen vart frå-skild jordeigendomen.- Etter atter to år skjøta så sakfører Hoff på eigne og Chr. Hilstad sine vegne grd. Jevne til A. Hovengen for kjøpesum 4 000 spd.

A. Hovengen brukte så Jevne sjølv til i 1882, da han bortforpakta garden til Ole Strand frå Ringebu for eit tidsrom av 5 år mot årleg avgift kr. 1 000,-.

Av same året er elles ei kontrakt mellom eigaren av Jevne, altså Anders Hovengen og Andreas og Mathias Mo. der den første sel til dei siste "den på Mo's grund beliggende del av Faaberg lænse m.v. for kr. 450,-.

To år seinare selde i 1884 A. Hovengen grd. Jevne og løpenr. 7b "Jord med Vandfald" til Ole Halvorsen Lien for kjøpesum kr. 16 000,-

Ole Halvorsen Lien f. 1831 som dermed tok over som eigar og brukar av Jevne, var fra søre Lien eller Svendsstuen i Saksumdalen og var i 1855 vorte gift med Tonetta Halvorsdr. Jevne f. 1838 Dei hadde i sitt ekteskap 10 born, som alle visstnok var fødte på Diket eller Moen under Jevne. Dei 10 borna var: 1. Gina f. 1856, 2. Halvor f. 1858, død 1863, 3. Oluf f. 1861, 4. Guri Kristine f. 1864, 5 Marie f. 1867 6. Halvor f. 1869, 7. Tora f. 1872, gift med Mathias Kolerudhagen, 8. Oline f. 1874, utvandra til U.S.A., 9 Tine f. 1877 g.m. Hansen, Gjøvik, 10. Amund f. 1879, g. m. Agnete Østby, 11. Torvald f. 1882, utvandra til U.S.A.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i skyldmark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. Jevne i Vingrom fekk da som sitt nye gardsnummer nr. 6 av samla skyld 13,92 mark. Og det var alt da 3 bruksnr. under gardsnr. 6. Dei var: a. Gnr.6 brn. 1 Jevne av skyld 7,75 mark, som altså Ole Halvorsen Moen var eigar og brukar av, b. gnr. 6 brn. 2 skog av skyld 1,54 mark, som og tilhørde Ole H. Moen, c. gnr. 6 brn. 3 skog av skyld 4,63 mark, som da tilhørde sakfører Hoff og Kr. Hilstad. Dessuten fekk dagardsbruket Diket eige gardsnummer nr. 7 av samla skyld av 5,68 mark og tilhørde og Ole H. Moen.

Ole H. Moen var ein innsiktsfull mann på fleire område. Han dreiv såleis ikkje så lite med snekring og hadde til sine tider sveinar med seg i verkstaden på Jevne. Især dei bjørketres møblar dei der laga, vart godt omtykt og er stugumøblar på mange gardar i Fåberg framleis.

Ole H. Moen var og blant dei interessentar som i den tid kjøpte "Gaustumskogane. Det var skogar som før hadde tilhørt m.a.: Rinden ell. Åmodt, Fjeld, Døsen, Kolberg, Sørlien, Lien nordre, Dalby, Kval, Ulland og Hovland. Dei 4 medlemmene av Interessentskapet var: grosserar Lund, Oslo, for 4/12, L.M. Enger for 3/12, Nils Frøisland, 3/12, og Ole H. Moen for 2/12. Ole H. Moen var dessuten "Driftshusbond".

Ole Halvorsen Moen har notert i sin bibel bl.a.

Min kone Tonetta Olsdr. Blev født paa Gaarden Lilleforseth i Gausdal den 17. juni 1838.

16/5 1989 Tord Rindal.

Ole H. Moen var ein innsiktsfull mann på fleire område. Han dreiv såleis ikkje så lite med snekring og hadde til sine tider sveinar med seg i verkstaden på Jevne. Især dei bjørketres møblar dei der laga, vart godt omtykt og er stugumøblar på mange gardar i Fåberg framleis.

Ole H. Moen var og blant dei interessentar som i den tid kjøpte "Gaustumskogane. Det var skogar som før hadde tilhørt m.a. : Rinden ell. Åmodt v/Fjeld, Døsen, Kolberg. Sørlien; Lien nordre, Dalby, Kval, Ulland og Hovland. Dei 4 medlemmene av Interessentskapet var: Grosserar Lund, Oslo, for 4/12, L.M. Enger for 3/12, Nils Frøisland, 3/12, og Ole H. Moen for 2/12. Ole H. Moen var dessuten "Driftshusbond".

Som eit streif av nyare tid tek vi her med at ved kommunevalet i 1907 budde det den hausten 17 personar med røysterett på og/eller ved Jevne og Moen. Dei var: 1. gardbr. Oluf O.Moen, Jevne. 2. sersjant Amund O. Moen, Jevne, 3 føderådskone Tonetta Olsdr. Jevne, 70 år, 4. husmann Ludv. Larsen Jevnesveen, 41 år, 5. Husmor Ingeborg Kristiansdr., kona hans, 41 år, 6. arbeidar Edvard Olsen Berget, Jevne, 26 år, 7. arbeidar Ole Olsen Støhagen, Verket, 60 år, 8. Karen Halvorsdr., kona hans, 63 år, 9. Landhandlar Hagbart Grythe, Skogly, 41 år, 10. arb. Arnt Amundsen Fremstad, 41 år, 11. Oline Kristensdr., kona hans, 38 år, 12.

gardbr. Halvor O. Moen, Moen, 38 år, 13. husmor Kristine Berntsdr. f. Owren, 34 år, Moen, 14. arb. Lars Bækken, Moen, 44 år, 15. arb. Ole Hansen Øien, Verket, 26 år, 16. møller Hans Martinsen, Moen, 43 år, 17. Marit Syversdr., kona hans, 51 år.

Oluf O. Moen, som var ugift, heldt fram som brukar av Jevne til i 1930, da han skjøta garden over til Anders Vaule, f. 1892. – Anders Vaule gifta seg i 1917 med Magnhild Ramsberg, og dei har 5 born. Det er: 1. Sverre f. 1917, 2. Konstane, f. 1921, 3. Gerd f. 1923, 4. Odny f. 1924, 5. Arne f. 1926. Anders og Magnhild Vaule brukte så Jevne gard vidare til i 1937, da dei selde Jevne til Elisæus Malme fra Romsdal.

Elisæus Malme f. 1884 gifta seg i 1915 med Johanne Matiasdr. Engen, og dei har 6 born. Dei er: a. Magnus f. 1915, b. Erling f. 1917, c. Sigrid f. 1918, d. Ingeborg f. 1920, g. m. Erik Johansen Fryjordet f. 1908, e. Bjørn f. 1921, f. Else f. 1923.

Magnus Malme f. 1915 er gift med Eli Haraldsdr. Rugsveen f. 1930, og dei har 2 born. Det er: 1. Hildur Johanne f. 1952, 2. Erik f. 1955.

Den nåverande brukar Magnus Malme har oppgitt at dei brukte jordbruksareal på Jevne nå er: Dyrka mark 126 mål, sæterlykkje 25 mål, hamnehagar 20 mål, produktiv skog 514 mål, skogareal i alt ca. 900 mål.

Halvor O. Moen, som i 1907 var brukar på gnr. 7 Moen, var gift med Kristine Berntsdr. Owren f. 1872, og dei fekk 4 born: 1. Torbjørg f. 1894, 2. Brynjulv f. 1900 som nå er eigar og brukar av Moen og gift med Kari Kvigstad, Fron, 3. Odvar, f. 1903, lektor, 4. Paul f. 1905, distr.veterinær, Fåberg.

## Jevne glasverk

Av dei eldre industriar hadde glasindustrien tidleg fått sine heimstader kring nordenden av Mjøsa. Først kom Biri glasverk, som vart grunnlagt og utbygt i tidsromet 1761 – 66. Så kom i 1792-94 Jevne glasverk, og vidare vart i 1806 Gjøvik glasverk sett i drift. Her skal vi fleire gonger sjå innom på Jevne glasverk i dei ca. 50 år det var i gang.

Vedtaket om å starte eit Jevne glasverk med tyskaren Landgraff som forvaltar vart alt gjort i 1792, men kontrakten om grunnavståing til verket vart først tinglese den 17. og 18. febr. 1794. Denne kontrakten som her er av stor interesse har elles etter utskrift denne ordlyden.

”Jeg Underskrevne Halvor Jevne, som nærværende Eier, overlater fra 1793 Aars Begyndeles af, til frie Uindskrænkhet Brug for de norske Glasværkers nuværende og efterkommende Eiere følgende af Gaarden Jevnes Grund, nemlig: a. Den Strækning nedenfor Lade-veien, som gaar langs Mjøsen fra sønden til norden i en længde 392 Alen, og i Bredde fra den søndre Skigaards Hjørne, langs Deele-Linien mellem Jevne og gaarden Moe lige ned til Strandbredden 126 Alen, og endelig paa den nordre Side fra Huusmands-Pladsens Skigaards Hjørne langs Deelet mellem Gaarden Rønne og Jevne, lige ned til Elven, udgjørende 343 Alen, efter de gjørende Indhegningers udvisere. – b. ligesaa al den Jord som ligger ovenfor og langs ad Veien, savelsom Huusmands-Pladsen med derpaa staaende huuse, der ialt udgjør 24 maal, hvert Maal beregnet til 8te Stænger og Stangen til 7 Alen, og som gaar fra Sønden til Nordn, langs Gaardens Jorder i en Længde af 371 Alen og paa den nordre Side ned til Veien i en Bredde av 140 Alen, og endelig paa den søndre Side, ligeledes fra Gaardens Jorder ned i Veien 196 Alen, efter de Indhegninger, som til Sikkerhed herom ere opsatte. – c. Frie Grund paa Stranden, endog udenfor ovenmeldte Landstrækning, og saa langt som til en for Værkets Veedflødning fornøden findende Lænde med tilhørende Steenkors Indretning udfordres og min Eiendom strækker sig: Dog forbeholder jeg mig fremdeles ubehindret at drive min Tømmer-flødning igiennem Elven, og at holde Lændse og Hængsel for samme, hvilket dog ikke skal gjøre Glasværkets Flødning og Transport nogen Hinder eller Ophold, fra Vaarflommen begynder og indtil Maii Maanedes Udgang, om det er mueligt, at Tømmeret til den Tid, som dog Almindeligvis skeer kan være udflødet. – Fra den tid af skal jeg ikke benytte mig af Elven eller Stranden men Glasværket allene have Ret til Flødning og Lændehold for sin Veed.- Skulde derimod Værkets Eiere ved nøiere Erfaring se at han ei ved en Sommer- eller Høstflod kunde faae sin Veed indflødet, da skal han have Ret til at lade sin Veed gaae med den første Vaar-Flom tilligemed Tømmeret, og følgelig at anlægge de dertil fornødne Lændse, hvilket Værket selv bekoster og vedligeholder. 2det. Forbeskrevne Grunde, Jord og Strandrettigheder skal Glasværkets Eiere benytte sig av til Bygnings opførelse, Veedplads, Have-Dyrking, Lændse og Hængsels Indretning, kort: saaledes som samme for godt befindes uden at deri maa gøres mindste Hinder fra Gaards Eierens Side, mod at svare derfor til hannem i Afgift 50 rd. siger Halvtredsindstyve Rixdaler D.Courant, som erlægges inden hvert Aars Udgang mod hans Qvittering. – 3. Det falder af sig selv at Glas-Værket, som behøver at rydde og planere den forpaktede Grund, ogsaa har Ret til at borthugge den derpaa staaende Skov og Krat, og føre sig Træet og veeden til Nytte uden derfor at betale noget til Grund-Eieren.- 4. De med Huusmandspladsen følgende Huuse, bestaaende i en Stuebygning, en Ladebygning og et Fæehuus, overlades Glasværket til eiendom, uden Betaling, Saaledes at samme efter Behag kan faae disse gamle Huuse i Bruug, eller nedrive dem, uden nogensinde at svare til samme.- 5te. Saalænge man paa Glas-Værkets Side erlægger den i 2den Post fastsatte aarlige Afgift, skal ingen Opsigelse fra Gaards-Eierens side kunde finde Stæd; derimod forbeholder Glasværket at kunne fratræde denne Contrakt efter et Aars foregaaet lovlige Opsigelse, i hvilket Fald Værket er pliktig at borttage sine



Bygninger og Indretninger, og tilbagelevere den heele forpakte Plads uden at fordre nogen Erstatning for de paa Jorden anvendte Bekostninger. – Forestaaende Kontrakt som i medhold af de norske Glasværkers Privilegier skrives paa ustemplet Papir, hvoraf en bekræftet Gjenpart overleveres Grundeieren, bliver herved af begge Parter egenhændig underskrevet og forseglet.

Jevne i Faaberg den 31 August 1792.

Halvor Jevne. Administrasjonen for de Kongl. Norske Glasværker.  
Wexels.- Essendrop. Hejerdahl.

Som ovenskrevet vedgaaer Halvor Jevne,-

Til Vitterlighed efter begjær.

A. Lysgaard. Caspar Kouffeldt.

At ovenstaaende Afskrift er ordlydende og lige gjeldende med Originalen bevidner.  
Administrationen for de Kongl. norske Glasværker.

Wexels. Essendrop. Hejerdahl.

Av dette går det tydelig fram både kva tomtegrunn det her er tale om og kven som da sat i Administrasjonen for De norske Glasværker. Ein merker seg og at Anders Lysgaard og Caspar Kouffeldt var tilstades og underskreiv kontrakten som vitne.

År 1801 kom påbødet om folketelling, og det budde da 13 familiar på og/eller ved Jevne Glasverk. Dei var:

1. familie: 1. Frantz Ferdinand Landgraff, husbonden, "Forpakter af Jevne Glas-Hytte" 47 år, 2. Maria Magdalena, f. Laumann, kona hans, 36 år, 3. Joseph/Landgraff, sonen deira, glasmester, 18 år. 4. Johan Adam Hens, son deira, 16 år, 5. Frants Landgraff, son deira, 13 år, 6. Antoni, son deira, 11 år, 7. Ferdinand, son deira, 9 år, 8. Frederich David, son, 5 år, 9. Maria Elisabeth, dotter deira, 7 år. 10. Hans Halvorsen, enkemann etter 1. ekteskap, 68 år, 11. Sebilla Rynning, tenestkvinne, 45 år. 12. Rønnaug Olsdtr., tenestkvinne, 21 år, 13. Berit Gudmundsdtr., tenestkvinne, 20 år, 14. Lars Westergaard, "Skrive-Karl", 33 år.

2. familie: 1. Josept Laumann, glasfabrikant, 68 år, 2. Sebastian Laumann, ugift, son, glasfabrikant, 27 år, 3. Jørgen, ugift, son, glasfabrikant, 21 år, 4. Peter, ugift, son, glasfabrikant, 19 år, 5. Walborg, ugift dotter, 29 år, 6. Berthe Dortehea Joahnesdtr., tenestkvinne, 20 år.

3. familie: Lorens Laumann, husbonden, glasfabrikant, 38 år, 2. Maria Magdalena Resh, kona hans, 25 år, 3. Johan Joseph Laumann, son, 9 år, 4. Johan Michael, son 4 år, 5. Maria Magdalena, dotter, 10 år, 6. Anne Margaretha, 6 år, 7. Ulriche Eleonora, dotter, 2 år, 8. Eli Svendsdtr., tenestkvinne, 20 år.

4. familie: 1. Johan Frederich Jachwits, husbonden, glasfabrikant, 20 år, 2. Maria Elisabeth, søster hans, husholderske, 17 år.

5. familie: 2. Johannes Kreutzer, husbonden, glasfabrikant, 20 år, 2. Catharina Resch, tenestkvinne, 26 år, 3. Christian Hansen, pleiebarn, 11 år, 4. Anne Haaggsdtr., ”Inderst og gaard i Dagleie”, 30 år.

6. familie: 1. Johannes Resh, husbonden, glasfabrikant, 22 år, 2. Catharina Laumann, kona hans, 20 år, 3. Rønnaug Larsdtr., tenestkvinne, 22 år.

7. familie: 1. Lars Jacobsen, skjører ved ”Glas-Hytten”, husbonden, 30 år, 2. Johanna Knutsdtr., kona hans, 42 år, 3. Kari Larsdtr., dotter deira, 9 år. 4. Agnete, dotter deira, 5 år, 5. Anders Christensen, arbeidar ved glasverket, 16 år, 6. Ole Jensen, ”Indbærer”, 20 år, 7. Nils Olsen, arbeider ved verket, 20 år, 8. Svend Olsen, arbeidar, 17 år, 9. Peder Amundsen, arbeidar, 21 år, 10 Rasmus Jensen, arbeidar, 20 år.

8. familie: 1. Ole Amundsen, hyttarbeidar, dragon, 30 år, 2. Kari Svendsdtr., kona hans, 29 år, 3. Amund Olsen, 3 år, 4. Svend Olsen, 1 år.

9. familie: Peder Amundsen, ”Indlegger i Hytten”, 36 år, 2. Magdalena Larsdtr., kona hans, 38 år, 3. Peder Amundsen, son deira, 15 år, 4. Engebret Pedersen, 3 år, 5. Berthe Pedersdtr., 9 år.

10. familie: 1. Halvor Olsen, ”Veed Tørker ved glas Hytten”, 49 år, 2. Kjersti Johannesdtr., kona hans, 52 år, 3. Johannes Halvorsen, 10 år, 4. Christen Halvorsen, 10 år, 5. Malene Halvorsdtr., 7 år, 6. Guri Halvorsdtr., 5 år, 7. Ingri Johansdtr., ”Inderste, og gaard i Dagleie, 34 år”, 8. Ole Hansen, son hennar, 11 år.

11. familie: 1. Kari Olsdtr., ”Husmoder, Inderste og gaard i Dagleie”, 53 år, 2. Torger Jonsen, son hennar, 22 år, 3. Ole Jonsen, 19 år, 4. Ole Jonsen, 16 år, 5. Marte Jonsdtr., 15 år, 6. Marit Jonsdtr., 13 år.

12. familie: 1. Peder Andersen Flyger, ”Skyrer ved Glas-Hytten”, 29 år, 2. Mari Olsdtr., kona hans, 23 år, 3. Christine Pedersdtr., dotter, 3 år.

13. familie: 1. Thor Erlandsen, ”Dag arbeider ved Hytten”, 40 år, 2. Eli Olsdtr., kona hans, 31 år, 3. Kjersti Thordsdtr., 10 år.

Ein merker seg at fleire av fagarbeidarane enda unge, men det retta seg jo med tida.. Namna fortel tydeleg at både sjefane og fleire av fagarbeidarane var utlendingar.

Tørkeovnen i glashytten var eit av dei viktigaste inventar. I 1802 vart det ordna med vassinnføringa, og det er samtidig opplyst at tørkeovnen var utvendig bygd av ”bjerg- og teglsten, men nedenunder i røret av kobblenssten”. Ovnens hadde elles ”3 hvælv, 3 vægger og 6 dørhvelvinger indvendig muret af Kobblenssten”.

Om ein langvarig strid ved verket mellom forvaltar Landgraff og forvaltar Klemp handlar ei sak av 1809- 11. Domen i saka har elles etter utskrift av tingboka denne ordlyden:

” Faaberg 15. Febr. 1811

Dom inf. i dompr. 3 pag. 71.

Nærværende sak angår forrige forpakter ved Fåberg Glassverk Frantz Landgraff senior, og nuværende forvalter ved samme verk Hans Klemp, deres gjensidige fordringer på hinannen. Efter en lengre utredning (5-6 sider) kjennes for rett: Forvalter Hans Klemp bør til Frantz

Landgraff sen. betale efter likvidation 197 rd. 5 skl. De av Frantz Landgraff mot forvalter Klemp brukte fornærmelige uttrykk mortificeres herved, og bør bemeldte Landgraff derfor bøte til Fåberg fattigkasse 5 rd. og betale til justitskassen 5 rd. Sakens omk. oppheves. Forøvrig frifinnes parterne for hinannens tiltale i denne sag.”

Produksjonsmidlane ved ein fabrikk fortel ikkje så lite både om gangen i og omfanget av produksjonen. Av ein status for Jevne Glasverk d. 31. desbr. 1818 tek vi elles med dette:

- a. Bruksting nytta ved arbeidet ute: 1 rambukk til lensepæling, 2 tømmer-navere, 1 merkeøks, 6 tylfter lensetømmer, 1 tømmermål, 1 ladningsbåt med segl og taug, 1 åfløye, 1 hytte-kjerre, 1 arbeidsvogn, 2 andre arbeidsvogner, 2 sleder, 2 seler,
- b. til bruk inne: 1 Jern-balanse-vegt med lodder, 14 arbeidspiper, 10 avspregjern, 6 indbærjern, 8 avklipssakser, 8 skjørerjern, 4 tørkeovnsbukker, 4 innleggsskuffer, 18 strekkrammer, 4 strekovnsjern, 44 div. steinforme, 2 potaskebinger, 3 leerbinger, 3 gemængbårer, 1 brannsprøyte med slange, 2 jernlemmer over smelteovnen, 1 svensk potaskepanne, 3 norske store potaskepanner, 1 stor gryte, 2 askekar, 2 vassbøtter, 1 tønne, 1 skjepemål m.m.

Inventarlista er underskrive av H. Klemp og vart framlagt for sorenskrivar Møinichen ved avleveringsforretningen d. 8. Febr. 1819.

Frå same tid er og ein ”Fortegnelsen over Jevne Glasværks udestående forskudder”. Desse fall i to grupper. Det var: 1. Hos Værstearbeidere, nemleg: Tafelmaker Joh. Landgraff, tafelmaker Jørg Jachwitz, skjører Peder Erik, stamper Ole Henningsen, smelter Tosten Olsen, hyttekjører Anders Larsen, snedker Rasmus Jensen, Skole-lærer Tosten Stuve, 2. Hos Potaske- og Veedleverandører, og dei var: Erich Skaarset, Thomas Ulland, Arne Pedersen Aasen, Svend Jacobsen Rindahl og Torkild Olsen Fryjordet.

Dette var altså i den tid da den første faste skulen i Fåberg, skulen ved Jevne Glasverk, var i gang, og læraren der, Tosten Stuve var visstnok frå Biri. Den faste skulen ved Jevne Glasverk var framleis i gang også i 1836, og læraren der heitte da Johan Stalsberg og var truleg frå Tretten. I 1839 var det vorte 2 faste skular i Fåberg, den eine låg da i Hovudsoknet og den andre i Lillehammer. Jevne glasverk og dermed den faste skulen der hadde etterkvart stengt dørene sine for alltid.

Spør ein så til slutt etter om Jevne Glasverk greidde si oppgave, så finn ein om dette interessante opplysningar i De norske Glasverkens rekneskap over tilvirkning og avsetning for dei sju åra frå og med 1809 til og med 1815: Der er det såleis fortalt at verdien av dei tilvirka glasvarer ved Gjøvik, Hurdals, Biri, Hadelands og Jevne Glasverk i 1809 tilsaman utgjorde etter tariffpris: 119 594 Rd., og av dette utgjorde produksjonen ved Jevne Glasverk åleine 33 279 Rd. – For år 1810 var dei tilsvarande tal: samla 215 177 Rd. Og derav frå Jevne Glasverk: 33 279 Rd. Samtidig er det opplyst at i 1810 var det selt til Amerika 652 897 Stkr. Amerikanske ruter skorne av Kron- og Tafelglas laga ved Jevne Glasverk. Vi tek og med for driftsåret 1811, da den samla tilvirkning etter tariffpris var 368 203 Rd. og derav fra Jevne Glasverk varer for: 62 433 Rd. Samtidig er det og fortalt at det var selt Tafelglas og Amerikanske ruter til Amerika for tilsm. 140 078 Rd. I 1815 var derimot utførsel av norsk glas til Amerika nærpå slutt.

Om sjukdom, ulykker og dødsfall ved Jevne Glasverk fortel Fåberg kyrkjebøker m.a. at i 1798 døde Ingeborg Maria Xstiansdtr. Værket, 31 år gamal, og i 1799 var det altså Christian

Fengell døde. Det var han som døde etter eit slagsmål på Jevne. Paul Halvorsen Jevne drukna ved Verket i 1804, og Mads Olsen Verket døde der i 1811, og Halvor Jensen Verket i 1817. – Barnesjukdomane herja der som elles i den tid: I 1810 døde Ionathan Klemp, 3 år, i 1802 Maren Elisabeth Jachvits, ½ år. Ole Hansen v/værket var 5 år da han døde i 1811, og Anne Jacobsdtr. Værket var 5 år da ho døde i 1813.

Dødsfall meir utanom det vanlege var eit dødsfall i septbr. 1820, da E.M. Christian Gottfried Braune døde ved Jevne Glasverk, medan han var der hos sonen sin hr, Klemp. Det er dessuten opplyst at faren Gottfried Braune, som da var død, hadde vore ”Borger og skomagermester i København”, og at han kom til Fåberg i 1815. – Den 19. Febr. 1823 var og glasfabrikant Lorents Laumann død og vart gravlagd ved ei av Fåbergkyrkjene. Han var da 70 år, og det er opplyst at han var fødd i Bøhmen. Året etter vart i 1824 husmora Anne Elisabeth Laumann f. Reuch gravlagd ved ei av Fåbergkyrkjene. Det er oppgitt at dødsårsaken var ”den paa Glasværket sig Yttrende epidemiske Sygdom som skal være saakaldt Forraadnelles Feber”, ein sjukdom vitenskapen nå visstnok heilt har lært å halde i age.- Den 26. Mai 1827 hendte så den tragiske ulykka at søstrene Jonathine Lovise Klemp, 15 år, og Dorthea Amalie Klemp, 12 år, baa ved Jevne Glasværk, ”druknede ved Overfarten mellem begge Broer ved at Prammen blev fordrevet af Strømmen”. Den 1. Septbr. 1828 var det den daverande forvaltar Hans Hammer Klemp sjølv som døde og vart gravlagd i Fåberg. Han var da 54 år gamal. Tre år seinare var det i 1831 gravferd etter Jacob Halvorsen Værket, som hadde drukna ved Vingnes.

Opplysende er og Fåberg kyrkjebøker når det gjeld giftarmål mellom dei innflytte utlendingane eller mellom dei og bygdefolket.

Alt i 1794 er det såleis fortalt at det den 9. juni etter kongeleg bevilling var ”Copulation paa Faaberg Glasværk” da glasfabrikant enkemannen Lorents Laumann gifta seg oppatt med Magdalene Resch, som var søster til den første kona hans. Av år 1800 er eit anna døme på giftarmål mellom dei innflytte, med di glasfabrikant Johannes Resch da inngikk ekteskap med jomfru Catharina Laumann. Men i 1801 vart det så inngått giftarmål mellom Johan Fredrich Jachwits og Kari Jonsdtr. Rindal, og i 1802 mellom glasfabrikant Peder Laumann og Mari Evensdtr. Gilberg. Seinare vart og søstera Berte Evensdtr. Gilberg gift med glasfabrikant Hans Jørgen Jachwits. Tolv år seinare vart det i 1814 inngått giftarmål mellom glasfabrikant Johannes Røsch og Dorthea Weyhe, som var dotter til major P.C. Weyhe på Audenus. På denne måten vart det etter kvart ikkje på? lite av blodblanding mellom bygdefolket og glasfabrikantane på Verket

Nokre av glasfabrikantane kjøpte seg og gardar i Fåberg. Det var såleis tilfelle med Frants Landgraff som i 1818 kjøpte det halve av søre Hove i Vingrum Sameleis hadde i 1812 Caspar Kaufelt kjøpt garden nedre Ulland i Saksumdalen, som han hadde til i 1819, da han gav skjøte på Ulland til hr. Hans Andersen.

Bruket ”Fremstad paa Jevne Glasværk” er nemt i 1823. Det var dødsfall der, og den døde var Berte Tollefsdtr., 70 år Det var elles her på Fremstad på Verket” at Vingrum telefonsentral seinare flytte inn og fekk husrom..